



ÅRSMELDING VALLE OG HYLESTAD SOKNERÅD 2018

Årsmøte søndag 24. mars 2019 kl. 12.00
(etter gudstenesta i Hylestad kyrkje kl. 11.00)

Årsmøte er ein stad du kan ta opp det du er oppteken av i kyrkjelyden.
Det er eit informasjons- og diskusjonsmøte, det er ikkje godkjenning av saker/val.

1. Organisering av kyrkja

Av kommunen sine 1156 innbyggjarar er 982 medlem i Den norske kyrkja. Valle og Hylestad sokn er eiga, juridisk eining, soknerådet er øvste organ. Soknerådet bestod i 2018 av seks valde medlemmer, sokneprest og kommunen sin representant. Kommunen sin representant er til stades for å vere bindeledd mellom soknerådet og kommunen, og skal i utgangspunktet vere til stades når soknerådet handsamar saker av fellesråds karakter (økonomi, bygningar, kyrkjegard, personale). Kyrkjesjefen er sakshandsamar og sekretær for soknerådet, med tale- og forslagsrett. Kyrkjesjefen har det administrative ansvaret for den daglege drifta, og utfører arbeidet saman med andre kyrkjeleg tilsette og friviljuge

ARBEIDET I SOKNERÅDET

Soknerådet sine primær oppgåver er nedfelt i §9 i kyrkjelova:

- Menighetsrådet skal ha sin oppmerksomhet henvendt til alt som kan gjøres for å vekke og nære det kristelige liv i soknet, særlig at Guds ord kan bli rikelig forkynt, syke og døende betjent med det, dømte gis dåpsopplæring, barn og unge samlet om gode formål og legemlig og åndelig nød avhjulpet.
- Menighetsrådet har ansvar for at kirkelig undervisning, kirkemusikk og diakoni innarbeides og utvikles i soknet.
- Menighetsrådet avgjør om det skal tas opp offer eller foretas innsamling i kirken og forvalter de midler som blir samlet inn, bevilget eller gitt som gave til kristelig virksomhet i soknet,

Medlemmer i soknerådet 2018

Leiar: Astrid Nomeland

Nestleiar: Lisbeth D. Homme

Siri Melhus

Gunveig Kaarvann

Liv Bjørgum Rynningen

Sissel Åkre

1. Vara: Pål Dale

2. Vara: Bente Bjørgum

3. Vara: Birgit Flaten

Tom Martin Berntsen – sokneprest. Frå juni 2018 Gunnar Ellingsen.

Frå kommunen møtte: varaordfører Knut Hagen

Vara for kommunen sin representant er Margit Dale

Utval og nemnder

Arbeidsutval:

Soknepresten, kyrkjesjef, leiar og nestleiar av soknerådet. AU førebur soknerådsmøta og avgjer mindre saker. AU har oftast hatt møte om lag fjorten dagar i forkant av soknerådsmøte.

Styringsgruppe for struktur- og strategiprosess:

I 2016 gjorde soknerådet vedtak om å sette i gang ein struktur- og strategiprosess.

Arbeidet med dette har ligge nede dette året grunna at Bykle sokneråd ikkje fekk midlar til dette.

Soknerådsarbeid

Diakoniutval: Astrid Nomeland, Gunveig Kaarvann, Bente Bjørgum og Anna Heggland. Jorun Høyland har hatt permisjon

Årsmelding for Diakoniutvalet i Valle og Hylestad 2018

Diakoni handlar om å bry seg, om å møte menneske der dei er. Den utfordrar kvart enkelt menneske til å sjå, høyre og ta på alvor dei som kjem i den einskilde sin veg. Det handlar om å skape naturlege møteplassar med rom for glede, sorg, sinne, handlingslamming, fortviling, bitterheit, skuld kjensle, refleksjon og samtale.

Diakoniutvalet i 2018: Astrid Nomeland (leiar), Gunveig Kaarvann, Anna Heggland (prostidiakon) og Bente Bjørgum. Jorun Høyland har permisjon.

Utvalsmøter: Diakoniutvalet har hatt 5 møter og handsama 19 saker.

Aktivitetar:

- Tilbod om kyrkjeskys
- Kyrkjekaffi etter gudstenestene
- Besøksteneste
- Diakonens dag i Hylestad 4.november. NMS si kvinneforeining i Hylestad fekk blom for trufast arbeid i menigheten gjennom mange år. Dette var siste gudsteneste for Anna Heggland. DU serverte middag på Nomeland bedehus etter gudstenesta.
- Musikk gudsteneste i Valle kyrkje 5.august. Dette var Henrik sin siste gudsteneste før han gikk ut i permisjon. DU hadde ansvaret for maten på Meinigheitshuset etter gudstenesta.
- Åpningshelg for «Sæbyggjen» 15.-16.september. DU (hovudsakleg Anna) hadde ansvaret for servering av kaffi og vaflar på kyrkjekontoret laurdag 15.sept. DU hadde også ansvaret for opplegget i Kyrkjestoga søndag 16.september. Det var møte med Elin Fagerbakke på formiddagen, konsert med Øystein Kikut på ettermiddagen og konsert med Solveig Leithaug om kvelden. DU hadde noe matsservering denne dagen også.
- Hausttakkefest Valle 23.september. Jordbruksklubben pynta kyrkja og konfirmantforeldra hadde med kaker til kyrkjekaffien.
- Middagsfellesskap, DU starta opp med middagsfellesskap hausten 2018. Vi hadde to middagsarrangement på Hylestad soknehus og eitt i Sæbyggjen. Middagsfellesskapet i Sæbyggjen var eit av arrangementa i «Kulturveka» i Valle. Her stod innvandarkvinner frå Syria og Eritrea for matlaging i samarbeid med DU. Dette arrangementet og «kompemiddagen» i Hylestad var sær populære, vi hadde ikkje nok mat til alle som ville ha.
- Språkkafe, DU starta opp med språkkafe for innvandarkvinner hausten 2018, i møteromet til kyrkjekontoret. Vi har hatt 4 treff og 3-5 kvinner frå Syria og Eritrea møter opp kvar gong. Det er enkel servering, dei som vil kan strikke og låne symaskin, fokuset er å snakke mest mulig norsk.
- Medlemer i Kirkens SOS er Gunveig Kaarvann og Bente Bjørgum

Felles inspirasjonssamling for Otredal prosti på Hægeland menighetshus 4.september. Noen av medlemene i DU deltok der.

6.april deltok Anna og Bente på ein erfaringskonferanse på Diakonhjemmet i Oslo. Temaet var: «Frykt og fellesskap-menigheters møte med flyktninger».

Økonomi: Valle og Hylestad sokneråd har kyrkjeoffer til diakoniutvalet.

Bjørgum, 6.februar 2019

Bente Bjørgum



Diakoniutvalet ved Bente Bjørgum delte ut årets blom til Åse Holen på Diakoniens dag i Hylestad kyrkje

Trusopplæringsutval:

Bjørgulv T. Berg, Siri Melhus, Tone Rysstad og Lisbet H. Homme.

Trusopplæringsutvalet arrangerte ein flott inspirasjonskveld for frivillige i barne- og ungdomsarbeid i Valle og Bykle. Martin Wikstøl delte sine erfaringar frå ungdoms- og konfirmantarbeid.

Utval for Valle kyrkje 175 års jubileum:

Pål Dale, Sissel Åkre, Lisbeth D. Homme, Astrid Nomeland og Sissa Ringstad skrivar.

FELLESRÅDSARBEID

Tilsette og personalansvar:

Soknerådet hadde ved inngangen til 2018 arbeidsgjevaransvaret for om lag 2 årsverk fordelt på 5 tilsette:

- Kyrkjesjef Anne Kirsten (Sissa) Ringstad, 60 % kyrkjeverje, 40 % kyrkjelydsarbeidar.
- Henrik West organist i 50 % stilling. Permisjon frå august 2018
- Martin Wikstøl, ungdomsleiar/trusopplærar 20 %. Slutta 1. juli 2018
- Inger P. Rysstad, 16 % reinhaldar.
- Karin Bøe, 15 % klokkar/kyrkjetenar.

Ungdomsleiar/trusopplærar:

Årsmelding for ungdomsarbeidaren 2018

Desse tiltaka hadde Ungdomsleiar Martin Wikstøl i Valle - 2018

Konfirmantar

Skulelag

Ulike ungdomssamlingar

Byklekonferansen – For ungdom i heile bispedømme.

Organist:

Henrik West er tilsett 50% i Valle og Hylestad sokn og 50% i Bykle sokn. Han har hatt eit års permisjon, men har no gitt melding om at han kjem attende sommaren 2019.

Frå august 2018 har Knut Olav Uppstad vikariert i staden hans, noko vi er sers takksame for.

Årsmelding kirkemusikk i Valle og Hylestad sokn 2018

Mens 2017 var preget av mange ekstra og til dels store arrangement i tilknytning til både bispevisitas og feiringen av reformasjonsjubileet, ble 2018 et år der det primært var de faste oppgaver som sto i fokus.

Gudstjenester, vigsler og gravferder er en fast del av organistens hverdag. Arbeidet med å finne fram og øve opp musikk som egner seg til de kirkelige tjenestene, tar tid og må prioriteres, dersom en skal bevare friskhet og liv i orgelspillet. Det er viktig å bevare kreativiteten slik at det ikke bare blir rutine.

Som tidligere år har jeg også besøkt Bygdeheimen cirka annenhver uke, dels for å spille på andakter, dels for å bidra med sang og musikk på dagsenteret. Det oppleves fortsatt veldig meningsfullt å bidra med noe som skaper glede og variasjon i livet til de eldre på heimen og i bygda.

Familiekoret har stort sett ikke vært aktivt i 2018.

Når det gjelder konserter, har aktiviteten blitt videreført som tidligere år. I sommeren 2018 ble det for tredje gang gjennomført en felles sommerkonsertserie for Valle og Bykle. Den besto av sju konserter med et samlet budsjett på ca. 80.000 kr. Utgiftene ble dekket av bidrag fra Bykle og Valle sokn (20.000 kr.), sponsorer (56.000 kr.) og kollektar. Det var fri entré på konsertene, og det kom i gjennomsnitt 35 publikummer på konsertene – en nedgang som utvilsomt skyldes de usedvanlig fine sommerværet. Publikum var en fin blanding av lokale, hyttefolk og turister. Programmet var som de to foregående årene ganske variert med både «klassisk» og «rytmisk» musikk og norsk folkemusikk hvilket også i år har fått mange positive kommentarer. En ny konsertserie i sommeren 2019 er allerede under planlegging.

Jeg fikk bevilget et års permisjon fra 9. aug. 2018, og i mitt fravær har Knut Olav Uppstad vært organist på mesteparten av gudstjenestene og de kirkelige handlingene. Etter et midlertidig opphold i Danmark der jeg har jobbet som organist i Fønnesbæk kirke i Ikast, er jeg fra 1. aug. 2019 tilbake i Valle og Bykle som organist.

26. februar 2019

Henrik West

Organist i Valle og Bykle

Statleg tilsette**Sokneprest**

Året som ligg bak oss har hatt sine utfordringar. Tom Martin Berntsen blei kaldt tilbake til sokneprest-stillinga i Landvik og prost Gunnar Ellingsen har fungert som sokneprest i Valle og Hylestad- og Bykle sokn.

Prostidiakon – samarbeidsprosjekt i prostiet

Prostidiakonstillinga blir finansiert av sokneråda i prostiet (kommunane Vennesla, Iveland, Evje og Hornnes, Bygland, Valle og Bykle). Valle og Hylestad sokn sin del i dette til svarar 10,5 % stilling. Stillinga blei utvida til 100 % i løpet av 2018.

Anna Hegglund som no har sagt opp stillinga. Det er no noko usikkert korleis denne stillinga skal organiserast vidare. I mellomtida har vi vore heldige og fått Per Emanuelsen til å gå inn i ei 30 % stilling saman med Bykle sokn. Han har allereie begynt arbeidet sitt.

Års rapport fra prosti diakonen

Innledning: «Diakoni er kirkens omsorgstjeneste. Det er evangeliet i handling og uttrykkes gjennom nestekjærlighet, inkluderende fellesskap, vern om skaperverket og kamp for rettferdighet». Dette er Den norske kirkes og også menighetenes definisjon av diakoni. Den viser klart at diakoni ikke bare er noe som diakonen, diakoniutvalget og noen spesielt interesserte driver med. Diakoni er hele menighetens ansvar! Og alle, både vi i stab og frivillige vi er så heldige å har mange muligheter til å prege menighetens ulike virksomheter med diakonale holdninger og handlinger. Men vi må også oppmuntre hverandre til å bli bedre og nå lenger ut.

Bykle menighet: Jeg har fått glede av å være med i middags felleskap i Bykle kirke, det har vært et godt møte sted gjennom året. Det har vært ca 40—50 som har vært innom på middagene. I vinter hadde ferien jeg åpent i Fjellgardande kirke på Hovden, der det ble servert vafler og kaffe. Det var på det meste 15 inne en av dagene. De har vært Lev vel gruppe som har vært en åpen gruppe I året som gikk, der vi har samtalt ut i fra Korsvei sitt hefte «Spor». Diakonien søndag var på allehelgensdag i år. Jeg har hatt 5 andakter på Bykleheimen og 12 samtaler og besøk igjennom året.

Valle/Hylestad menighet: Jeg hadde tema kveld i Valle. Så var jeg med på avskjed for tros opplærer Martin Wikstøl og organisten Henrik West. Så har Valle fått Sæbyggjen, med den vakre Kyrkje stova og bibliotek, som ble innviet i høst. Da fikk jeg være med å servere vafler på kirkekontoret. Jeg var og så med på kirkerottene, samling for 4 og 6 åringer i Valle kirke. Den syriske middagen som våre nye landsmenn stelte i stand, ble en fest for hele bygda. Diakonien søndag var på allehelgensdag i år. Jeg har hatt 5 andakter på Valle heimen, og 25 samtaler og besøk.

Bygland menighet: Jeg var med på samling på Byglandsheimen med Vonheim koret. Og vært med på samling på Byglandsfjord, et samarbeide med bygdekvinnelaget om våre nye landsmenn. Har vært med andakt i Grendi, og med på juleavslutning i Åraksbø. Diakonien søndag var i år i Sandnes kirke i Åraksbø. Jeg har hatt 2 andakt på Byglandsheimen, og 25 samtaler og besøk.

Evje /Hornnes menighet: Vi har i år hatt samarbeide med Normisjon, og Elim om flerkulturell kafe (KIA) på Furuly, siste søndagen i måneden. Det har vært utrolig god oppslutning (40-60) både voksne og barn, de har vært fra 10 ulike nasjoner. Der de får mulighet til å bli kjent med nye, og snakke norsk. Jeg har også vært med på Elders hygge treff på Hornnes bedehus. Sammen med prest Kristine Borgen hadde vi en undervisning på Evjeheimen, for de ansatte om beboernes rett til åndelig omsorg. Det ble kun 2 samlinger i Fengselet, sammen med 2 frivillige. Siden april har det vært en bygge plass frem til nytt Fengsel står ferdig til sommeren 2019. Diakonien søndag var i år i Hornnes kirke. Jeg har hatt 3 andakter på Hornnes heimen, og 3 på Evje heimen alene og 2 sammen med diakoni utvalget. Det har blitt 59 samtaler og besøk.

Iveland menighet: Jeg har hatt 2 temakvelder. Jeg hadde en samling med konfirmantene der jeg hadde om diakoni. Jeg var med en gruppe av ansatte i barnehagen i kommunen til Stine-Sofie stiftelsen i Grimstad. Der fikk vi omvisning på senteret og info om arbeide de gjør. Diakonien søndag var i mars. Jeg har hatt 4 andakter på Ivelandsheimen og 14 samtaler og besøk.

Hægeland menighet: Jeg deltok med tema på jentenes «suppe, trend og tro samling». Og sammen med diakoni utvalget hatt 2 andakt på stua og heimen. Julegave treet stod på julemarked i Hægeland i 2 dager og sammen med diakoniutvalget var jeg med der. Diakonens søndag var i april. I Oppfølgingstjenesten til pårørende ved dødsfall, har det vært 2 samlinger i år da sammen med Øvrebø. Jeg har hatt 3 andakter på Hægelands heimen og 10 samtaler og besøk.

Øvrebø menighet: Jeg har vært innom strikke kafe som samles på kirke stua. Diakonens søndag var i juni. Oppfølgings tjenesten er i sammen med Hægeland på sine 2 årlige samlinger. Det har vært 14 samtaler og besøk og 1 soknebud.

Vennesla menighet: Jeg har hatt 2 møter med oppfølgingstjenesten. En temakveld på menighetshuset og sammen med diakoni utvalget vært med på 4 samlinger på stua og hatt andakt en gang. Deltok på 1.mai gudstjeneste der jeg fortalte om diakon. Godhets uka i mai hadde vi i diakoni utvalget byttemarked en dag. Jeg hadde andakt og var med «vi over 60» på dagstur til Lyngdal på forsommeren. Deltok på konfirmant leiren på Lista som sykepleier for Vennesla, Øvrebø, Hægeland og Torridal. Diakonens søndag var i år i september med pilgrims vandring. Det var en god gjeng som vandret i regnvær fra Hagen til Jerusalem. Når vi kom til kirka stod diakoni utvalget med frukt og drikke til oss. Vi har et samarbeide menighetene imellom med å ha samlinger gjennom året på Døblebakken. I år hadde vi felles førjulsfest med kake og der vi sang julesanger sammen. I gjennom Frivillighetssentralen har jeg vært med å deltatt i arbeide med aktiv seniornettverk og tema på samlingene med besøks vennene. Deltok på Årsmøte til frivillighetssentralen, deltok også på den nasjonale konferanse som de arrangert i Vennesla. Tema var «leve hele livet – sammen.» Der de har jobbet frem metode «aktive sammen». Julegavetreet har i år som i fjor har vært ett fantastisk tiltak der mange frivillige har vært med å stått ved stallen. Der vi gjennom det kan være med å gi en gave til de som ikke har alt. Jeg har hatt 2 andakter på Vennesla heimen og 52 samtaler og besøk.

Påfyll: Alle diakoni utvalgene var samlet på Hægelands menighetshus i september. Tema den gode samtalen med Arne Tord Sveinall. Der en fra diakoni utvalget i den enkelte menighet i Otredal prosti fikk fortelle om sine diakonale tiltak. Jeg har hatt ABV veiledning i år. Vært på samling med diakonene i Agder og Telemark bispedømme, diakonene i Kristiansand, og Aust Agder. Stiftsdagene som var i Kristiansand. Fagdag om skam, integrering av flyktninger og kriseteamet. Jeg har deltatt på sorg kurs på Sjelesorg instituttet.

I høst har jeg vært med å lede en sorg gruppe, det er sorg og omsorg et fellestiltak som diakonene driver i Kristiansand. Og som er et tilbud som også Otredal prosti kan gjøre seg nytte av.

Takk: Diakoni utvalgene, alle de frivillige, og ansatte i alle menighetene har jeg hatt stor glede av å samarbeide med. Tusen takk til den enkelte av dere det er en stor glede at jeg fikk være sammen med dere og alt dere har fått bety for meg. Det har blitt mange avskjeder den siste tiden og det er underlig å ta avskjed med alle de som jeg har blitt kjent med og glad i gjennom disse årene. Jeg er veldig takknemlig at jeg fikk jobbe som diakon i Otredal. Jeg er glad vi har fått 2 vikarer inn i stillingen fra første dag. Jeg sitter nå og skriver min siste årsrapport. Jeg har ofte hatt et ord eller en tanke som jeg går inn det nye året med. I januar 2018 var det «**Begynn dagen med å takke**» det er et sydd bilde som henger hjemme på kjøkkenet mitt. Det er en viktig påminnelse og det gjør noe med oss alle, når vi begynner og gjennom dagen kan rette vår takk til «**Jesus Kristus, som er i går og i dag den samme ja til evig tid**».

Med vennlig hilsen

Anna Heggland prosti diakon

Røyknes, 15. januar 2019



Frå siste gudstenesta som Anna Heggland var med på i Hylestad kyrkje, saman med prost og fungerande sokneprest Gunnar Ellingsen

Stabsmøter:

Dei tilsette har hatt jamlege stabsmøte, om lag ein gong i månaden. Ettersom både prest og organist jobbar i både Valle og Bykle, og det er få tilsette totalt, er stabsmøta felles for Bykle og Valle, og annankvar gong i Bykle og Valle. Kyrkjesjefen i Valle skriver innkalling og kyrkjevevja i Bykle skriv referat og deler på å leie møta. Det er venta at kyrkjetenar møter på dei møta som er i sin kommune. Elles vel tilsette i små stillingar sjølve om dei vil møte. Prostidiakonen er også med av og til. I 2018 har ein ikkje hatt jamlege stabsmøter grunna sjukemeldingar, permisjonar og prestesituasjonen i Valle og Bykle.

Gudstenester:

Kvart år vert det fylt ut kyrkjeleg statistikk for året som gjekk, den er med å danne grunnlag for nasjonale statistikkar. Generelt kan det seiast om Valle og Hylestad at dei kyrkjelege handlingane som dåp, konfirmasjon, vigslar og gravferder ligg på eit stabilt nivå ut frå folkesamansetninga i Valle. Utmeldingar og innmeldingar er det få av i løpet av eit år. No vert det halde gudsteneste 1 gong i månaden i kvar kyrkje. Det vil seie annakvar sundag i Valle og Hylestad.

Totalt tal deltakarar på gudstenester:

2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018
2615	2247	2594	2189	2564	2517	2261	2169	2151

I Valle og Hylestad er faste gudstenester og kyrkelege handlingar gjennomført:

- Familiegudsteneste (Kyrkjerottene teater i 2018) med utdeling av bøker til 4-åringar og 6-åringar.
- Skulegudstenester.
- Konfirmasjonsgudstenester og samtalegudstenester med konfirmantane.
- Allehelgensdag-gudsteneste med minning av dei døde.
- Ljosmesse i adventstida, med deltaking av konfirmantane.
- Høgtidsgudstenester (jol, påske og pinse)
- Friluftsgudsteneste på Brokkestøylen – Skirtorsdag
- Gudsteneste på nasjonaldagen.
- Friluftsgudsteneste på Tveitetunet
- Diakoniens dag
- Hausttakkefest v. Valle og Hylestad diakoniutval

Møte og samlingar:

Sundagskaffien:

Sissel Åkre og Lisbeth D. Homme har stått i spissen for sundagskaffi i den nye kyrkjestoga.

30. september - « Mitt liv med bøkene – og Boka» Møt Paal-Helge Haugen i samtale med Tom Martin Berntsen.

28.oktober: Korsong ved Byglandskoret Kong Hanes eft. Dirigent Siv Eline Jacob.

Bibeltimar: Tom Martin Berntsen har hatt 8 bibeltimar om Romarbrevet delt mellom Valle og Hylestad.

Andre møte:

9. februar – Møte med Hilde Sæbø Fjellstad på Nomeland bedehus.

10. februar – Frukostmøte for kvinner med Hildes Sæbø Fjellstad på Nomeland bedehus.

3. mars «Kvinnenes internasjonale bønnedag»

2. april – Møte med Ellen Raen frå Israelsmisjonen

Kyrkjemusikk/konsertar

Sommarkonsertar:

Organist Henrik West arrangerte sommarkonsertar i året som gjekk.

27. Juni – Den nye Oslo Trio i Valle kyrkje.

4. juli – Kulturpatrulja i Bykle gamle kyrkje.

11. juli – Tina Lynderup i Hylestad kyrkje.

18. juli - Inger Lise Stulien i Fjellgardane kyrkje.

25. juli – Marcus Berg i Valle kyrkje.

8. august – Elisabeth Lutcherat og Kari Ingelsrud.

Andre konsertar:

6. januar – Kåre Nordstoga i Valle kyrkje

7. april - konsert med Haderslev drengekor og Vetle Tveiten i Valle kyrkje

11. april - konsert med Kristin Minde i Hylestad kyrkje

- 18. april – konsert med Ivar Mæland i Valle kyrke
- 5. august - Musikk gudsteneste i Valle kyrkje med Henrik West
- 22. september – Christian Stejskal i kyrkjestoga
- 6. oktober - Indre Ludefladen Jazzensemble i Valle kyrkje
- 20. oktober – Slegtens lovsong med Seljord songlag i Valle kyrkje
- 9. desember - konsert med Henrik West i Valle kyrkje
- 14. desember - konsert med Kim Rysstad i Hylestad kyrkje
- 16. desember – konsert med Tidløs i Valle kyrkje



Frå julekonserten med Tidløs og Martin Wikstøl, ungdomsarbeidaren vår i Valle kyrkje

Trusopplæring:

Soknerådet sitt arbeid som vert følgt opp av kyrkjesjefen

Dette vart gjennomført i 2018:

- Utdeling av CD med barnesongar til 1 åringar.
- Invitasjon til 4.års bok. Ei samling i kyrkja før utdelinga.
- Invitasjon til 6-årsbok. 4-åringane og 6-åringane fekk boka si når kyrkjelyden inviterte til teater med kyrkjerottene .
- Fakkeltog og adventstund i kyrkjestoga. Musikkskulen deltok med flott konsert.
- Møte med skuleklasser i kyrkja.

Familiekoret:

Arbeidet med familiekoret har delvis ligge nede i 2018.

M-gjengen:

I 2018 hadde Lisbeth H. Homme og Irene Brokke eit arbeid for barn på Nomeland bedehus om lag ei gong i månaden. Dette er ført vidare i Kyrkjestoga i 2018. Då ein starta med samlingar i Kyrkjestoga blei Bente Bjørgum og med som leiar. Sissa Ringstad er med å planlegg møte og hjelper til når det trengs. Mellom 5 og 10 born kjem på samlingar.

Konfirmasjon:

Konfirmantarbeidet er eit viktig satsingsområde for kyrkjelyden. Soknepresten og ungdomsarbeidaren planlegg og har undervisning.

Kvart år deltek konfirmantane på **KonfACTION**, som er ein konfirmantleir med rundt 1000 deltakarar i Bø i Telemark i regi av KRIK. Leiren er obligatorisk og ein del av konfirmanttida. Soknerådet betaler deltakaravgift for alle konfirmantane. Foreldre er med i den praktiske gjennomføringa. I tillegg er det samlingar a 2 timer med undervisning spreidd ut over skuleåret.

Samarbeid med andre/Ungdomsarbeid:

Soknerådet stør arbeidet som **Allidrettsklubben** driv i Valle, med å dekkje kostnadane til annonser i Setedølen. Ein laurdag i månaden har det vore samling i Vallehalli, med idrett og andakt. Primus motor for klubben er Ingunn Røysland. Klubben er for dei som går i ungdomsskulen og oppover.

Solidaritetsarbeid:

Misjonsprosjekt: I 2018 vidareførde soknerådet samarbeidsavtalen med Stefanusalliansen om å stø arbeidet deira i Egypt. Det er hovudsakleg ofringar frå gudstenester som har gått til dette. Maggie Gobran står bak eit stort arbeid blant koptarar på «søppelfjellet» i Kairo. Det handlar om å gje born og unge hjelp og støtte til utdanning, eit sosialt nettverk og ballast til å klare seg i framtida. Barnehagar og heimebesøk til fattige familiar står sentralt i arbeidet – Med seg har Mamma Maggie ein talrik flokk av oppofrande medarbeidarar. Stefanusalliansen sender jamnleg informasjon frå prosjektet.

Kirkens Nødhjelp: Konfirmantane deltek på fasteaksjonen. Takkeofferet 17. mai går til Kirkens Nødhjelp. Saman med kyrkjeoffer vart det samla inn kr. 20 032,-

Informasjonsarbeid: Folk blir informert om kva som skjer gjennom kyrkja i Bykle og Valle sine heimeside: <http://www.Valle.kyrkja.no>. Kyrkja har og eige «facebook» side: Kyrkja i Bykle, Valle og Hylestad. Setesdølen er positiv til å ta inn bilete og stykke om ting som rører seg i kyrkjelyden. Ein brukar annonser i Setesdølen, Bygdenytt, plakatar, og "Kva skjer"-kalenderen på Valle kommune sine heimesider. Elles munnleg informasjon i kunngjeringane i gudstenestene.

Kyrkjene

Kyrkjene er i god stand. Sakristiet i Valle kyrkje vart totalrenovera i 2018. Karin Bøe var prosjektleiar og gjorde ein flott jobb.



Kyrkjekunst

I fjor blei det gjennomført ei registrering av kunsten i båe kyrkjene av NIKU. Der kom det fram at «gamalt presteportrett» og «Skrifttavle» og noko på altertavla i Valle kyrkje bør restaurerast. Det same gjeld dei to bilete «Nedtagelsen» og «Maria» og noko på altertavla i Hylestad kyrkje. Soknerådet arbeider no med å få finansiert restaureringa. Det er eit håp om at restaureringa kan bli gjennomført i 2019.

HC – toalett

HC toalettet i Hylestad er ferdig, men manglar rullestolrampe.

Kyrkjegardane

På Hylestad og Valle kyrkjegard er det nok av ledige graver. På båe kyrkjegardane er det ein del ledige graver på den eldste delen av kyrkjegarden. Folk ønskjer i størst mogeleg grad å bruke graver dei allereie festar, eller ledige graver i nærleiken av graver dei festar. Kommunen tek seg av vedlikehaldet på kyrkjegardane.

Kyrkjestoge og kyrkjekontor

16. september blei den nye kyrkestoga innvigd med stor festivitas. Dagen før blei bibliotekdelen teken i bruk med stort program.

Elin Fagerbakke var invitert til å halde to møte. Om kvelden var det også ein minikonsert med Solveig Leithaug og dottera. På ettermiddagen var det konsert med Øystein Kikut han innvia pianoet som vi har fått av Valle Sparebank. Alle arrangementa var godt besøkt. Diakoniutvalet serverte kaffi og kaker. Kyrkjestoga har elles vore mykje brukt til bibeltimar, Juletefestar og andre kristelege møte. Eit sers godt rom å vere i.





Valle og Hylestad kyrkjekontor flytta og inn i nye lokal hausten 2018. Kontora er i andre høgda i Sæbyggjen over kyrkjestoga og biblioteket. Dei tilsette er sers nøgde med så gode arbeidstilhøve.

Økonomi

Etter kyrkelova § 15 får kyrkja det meste av sine midlar frå kommunen. Anna kjem frå staten og egne inntektskjelder.

Valle og Hylestad sokneråd har eit årleg driftsbudsjett på om lag 2 millionar. Av dette går om lag 1.6 millionar til løn og faste utgifter, som straum, forsikring, reparasjonar. 350 000 kr. går til gravferder og kyrkjegardsdrift. Kyrkjelydsarbeid vert stort sett drive av innsamla midlar. Det resterande går stort sett til kyrkjelydsrelaterte aktivitetar, som trusopplæring, gudstenester med meir.

Planar for framover

Valle og Hylestad sokneråd ønskjer å jobbe med utfordringane ein fekk av biskopen etter visitasen i februar 2017.

1. Gudstenesta. Jobb vidare med messa, både med innhald, kvar, kor mange og når. Det siste særleg i forhold til påske og turistar. Eg oppmodar dykk til å tenke at messa i nabokyrkja er di messe, like mykje som messa i eiga kyrkje.

2. Trusopplæring. Kyrkja sitt ansvar for overlevering av kristen kunnskap i Bykle-, Valle og Hylestad sokn, er avhengig av at heim, tilsette, sokneråd og frivilljuge utviklar møtestader der barn og unge får næring til tru og livsmestring. De er i gang. Ta vare på det ungdomsarbeidet som er i ferd med å vokse fram.

3. Diakoni. De har prostidiakon i 70 % som leiar det diakonale arbeidet i prostiet. Stå saman med henne. Kjemp for at stillinga blir auka til 100%. Menneska i Otredal prosti fortener det!
Valle kommune har løyvd midlar til å auke stillinga.

4. Organisering og planarbeid. Eit godt arbeid i soknet må leiast. Fortsett prosessen om tettare organisatorisk samarbeid som dei to sokneråda har sett i gang. Husk; Målet er å bygge fellesskap!

5. Til Valle og Hylestad. Følg opp samarbeidet med kommunen om nye kontor og møterom i det nye biblioteket. *Valle og Hylestad sokneråd har eit godt samarbeid med kommunen om kyrkjestoge og kyrkjekontor.*

6. Kyrkja og kommunen. Samstundes som eg stadfestar dei allereie gode relasjonane mellom kyrkja og kommunane, er det viktig å ha faste møtepunkt mellom kyrkjeverje og rådmann. Det er fint å sjå kor godt kyrkjer og kyrkjegarder er tekne vare på. Eg ber begge kommunane sjå etter moglegheiter når søknaden kjem om å auke prostidiakonen si stilling. *Valle og Hylestad sokneråd har no jamlege møte med leiinga i kommunen.*

7. Kyrkja og skulen. Samarbeidet mellom kyrkja og skulen har lange og gode tradisjonar her. Møtet med skulen og barnehagen viste at dei gamle planane for samarbeidet treng revisjon. Ikkje gløym det, sjølv om soknepresten sluttar.

8. Kyrkja og lokalsamfunnet elles. Eg har møtt eit kulturliv utan sidestykke. For meg ser det ut som om kyrkja er ein naturleg samarbeidspartnar for det lokale kulturlivet. Ta vare på det, og sørg for at det utviklast stadig meir.

Takk

Det er mange som bør takkast for god innsats i kyrkjelyden i 2018. Valle og Hylestad sokn har ein liten stab, og er heilt avhengig av innsats frå friviljuge. Mange har gjort ein god jobb for sundagsskule, familiekor, kyrkjekaffi, som kyrkjevartar og anna.

Takk til medlemene i soknerådet for jobben dei har gjort i møte, ulike utval og andre oppgåver. Takk også for engasjement og innsats frå dei tilsette.

Soknerådet vil og takke Valle kommune for godt samarbeid. Rådet har ein tenesteytingsavtale med kommunen som dekkjer vedlikehald og arbeid på kyrkjegarden. Vi er veldig glade for det arbeidet Dreng Rike gjer på kyrkjegarden. Det same gjeld Torbjørg Trydal som driftar kyrkjegardsregisteret og Vicky for rekneskapsføring. Til sist, men ikkje minst Valle Sparebank for økonomisk støtte til konsertar og kyrkjelydsarbeid.



NIKU var på befaring vedrørende prosjektet Klimasikring av listeførte kyrkjer på Agder. Valle kyrkje er ein av seks kyrkjer på Agder som er vald ut. Foto Fredrik Berg